

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

OVERORDNA

Innhald

Overordna ROS-analyse for Vestland fylkeskommune	3
1 Introduksjon.....	3
1.1 Bakgrunn og mål.....	3
1.2 Føresetnader	2
1.3 Avgrensing.....	3
1.4 Definisjonar	3
1.4.1 Forkortingar	4
2 Metode	4
2.1 Arbeidsprosess	4
2.1 Kategoriar for sannsynlegheit og konsekvens	5
2.2 Vurdering av risiko	6
2.3 Vurdering av uvisse.....	7
3 Uønskte hendingar	7
3.1 Tilsikta handling.....	8
3.2 Utilsikta hendingar	10
3.3 Svikt i tenesteproduksjon	12
3.4 Store hendingar/ulukker	13
4.0 Risikomatriser.....	15
5. Risikoreducerande tiltak.....	16
6. Vurderingar.....	20
Vedlegg 1 - Arbeidsprosess, detaljar	22

Overordna ROS-analyse for Vestland fylkeskommune

Som ein stor offentlig aktør har vi eit ansvar for å ta på alvor dei hendingar og truslar som kan påverke våre ansvarsområde. Beredskap handlar om planlegging og førebuing av tiltak for å unngå, avgrense eller handtere kriser eller uønskte hendingar på best mogleg måte. Vestland fylkeskommune har ansvaret for å ta i vare sikkerheit for våre tilsette og elevar, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdømme knytt til fylkeskommunen sine aktivitetar.

Vestland fylkeskommune sin overordna og heilskaplege ROS-analyse skal gje eit bilete over kva risikoar fylkeskommunen står overfor, og er eitt viktig grunnlagsdokument for fylkeskommunen sitt vidare arbeid med sikkerheit og beredskap.

- Vestland fylke 34 000 km²
- 5547 km fylkesveg
- Over 21 000 elevar i vidaregåande opplæring, fordelt på 45 vidaregåande skular
- 57 tannklinikkar
- Om lag 6000 tilsette

1 Introduksjon

1.1 Bakgrunn og mål

Vestland fylkeskommune omfattar gamle Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, og har vore i drift sidan 1. januar 2020. Dei gamle fylkeskommunane var to organisasjonar som jobba ut frå ulike premisser med stor skilnad på størrelse og organisatoriske forhold. Beredskapsarbeidet ute på enkelte av avdelingane fungerte godt, og begge fylkeskommunane handterte hendingar på ein ryddig måte. Nye Vestland er ein større organisasjon, og fylkeskommunane har fått fleire nye oppgåver. Det er eit vidt spenn i situasjonar som vi må vere førebudde på.

Ei overordna og heilskapleg ROS-analyse for organisasjonen krev både tid og ressursar på tvers av organisasjonen, og det har vore ynskjeleg å gjennomføre analysa med eigne ressursar. Det har gitt ei god forankring i organisasjonen, og ikkje minst bygger ein viktig kunnskap og erfaring. Vestland fylkeskommune er ein ny organisasjon, og det har vore naudsynt å bruke det første året på å definere roller, forme beredskapsorganisasjonen og få på plass naudsynt planverk. Fylkeskommunen er underordna sikkerhetslova, og derunder verksemdssikkerhetsforskrifta, som stiller konkrete krav til sikkerheitsstyring og gjennomføring av overordna ROS-analyse for organisasjonen.

Gjennom arbeidet med denne overordna ROS-analyse ynskjer Vestland fylkeskommune å gje oversikt over og identifisere kva hendingar og trugsmål som kan verke inn på fylkeskommunen sine ansvarsområde (både eksisterande og framtidige). Denne oversikta vil synleggjere risiko og sårbarheit fylkeskommunen står overfor og gje grunnlag for mål, prioriteringar og nødvendige avgjersler for fylkeskommunen sitt ansvar med samfunnsikkerheit og beredskap.

Den overordna ROS-analyse skal vere fylkeskommunen si kvalitative vurdering av risiko og sårbarheit på eit overordna nivå. Den skal reflektere Vestland fylkeskommune si prioritering av tiltak og strategi for overordna risikostyring. Følgande prosjektmål er etablert:

- Analysen skal gi ein oversikt over risikoforhold (risikobilete) fylkeskommunen står overfor.
- Analysen vil inngå i grunnlaget for fylkeskommunen sitt vidare arbeid med sikkerheit og beredskap
- Analyse skal identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit (irekna eksisterande tiltak, både førebyggjande og beredskapsmessige)

1.2 Føresetnader

Denne rapporten skildrar arbeidsprosessen, vurderingar og tilrådingar.

Plassering av uønskete hendingar i ei risikomatrix inneber at fylkeskommunen tek stilling til risikotilhøve som påverkar vår verksemd, slik at ein kan identifisere og prioritere naudsynte tiltak. Ei ROS-analyse er difor eit levande styringsdokument som dannar vidare grunnlag for beredskapsarbeidet i Vestland fylkeskommune.

Overordna ROS-analyse fokuserer hovudsakleg på hendingar som medfører at sentral kriseleiing i Vestland fylkeskommune kan bli involvert. Fylkeskommunen sine mange og varierte oppgåver føreset eit heilskapleg perspektiv på analysen. I ROS-analysen vert hendingane systematisert for å fremje tilrådingar til vidare arbeid med sikkerheit.

I Vestland fylkeskommune skal følgande typar hendingar analyserast i heilskapleg ROS:

- Uønskete hendingar med potensielt store konsekvensar
- Uønskete hendingar som påverkar fleire sektorar/ ansvarsområde og som krev samordning
- Uønskete hendingar som går ut over fylkeskommunen sin kapasitet til handtering ved hjelp av ordinære rutinar (i samsvar med overordna beredskapsplan og prinsipp)

Denne ROS-analysen er utarbeidd på bakgrunn grunnlagsmateriale som var tilgjengeleg når analysa blei utarbeidd. Sentrale dokument har vore (opne) nasjonale trusselvurderingar, Fylkes-ROS for Sogn og Fjordane 2017 og Fylkes-ROS for Hordaland 2015, Sogn og Fjordane

fylkeskommune si overordna ROS-analyse (Hordaland hadde inga overordna analyse) og Analyser av krisescenario 2019 (AKS2019) frå DSB. Det er viktig å understreke at Fylkes-ROS er eit viktig dokument òg for fylkeskommunen, og viser korleis eit samla fagmiljø vurderer risiko og sårbarheit i fylket vårt. Fylkes-ROS for Vestland er under arbeid hjå Fylkesmannen, og er estimert å vere ferdig i løpet av 2021.

ROS-analysen for Vestland fylkeskommune omfattar personar, bygningar, anlegg og beredskapstilhøve som fylkeskommunen har ansvaret for.

1. Personforhold (elever, pasientar, tilsette, folkevalde)
2. Bygning og utstyr
3. IKT/ data
4. Fylkesvegar
5. Kultur (fylkesbibliotek, bokbuss, freda bygningar, kulturminne)
6. Tannhelsetenesta
7. Transportberedskap

1.3 Avgrensing

Skildringane i ei overordna vurdering vil vere generelle og heilskaplege, og det er naudsynt med meir detaljerte analyser for å handtere risikoen på ein hensiktsmessig måte. Det skal utarbeidast eigne avdelingsvise ROS-analyser, og ROS-analyser for alle fylkeskommunale institusjonar, i samråd med beredskapskoordinator/ beredskapsleiar. Hendingane i overordna ROS-analyse er ikkje uttømmende, og det er naudsynt at avdelingane gjennomfører ein eigen prosess, basert på felles retningslinjer for ROS-analyse i Vestland fylkeskommune¹ for å vurdere sin risiko og sårbarheit.

1.4 Definisjonar

Tabell 1. Omgrep og definisjonar i ROS-analyse

Omgrep	Skildring
ROS-analyse	Risiko- og sårbarheitsanalyse
Sårbarheit	Manglande evne hjå eit analyseobjekt til å motstå verknader av ei uønskt hending, og til å rette opp att normaltilstand etter at hendingar har skjedd.» ² Det motsette av sårbarheit er robustheit.
Risiko	Uttrykk for fare ein ei uønskt hending/ scenario vil representere for menneske, tenesteproduksjon, materielle verdiar eller omdøme. I denne analysen uttrykt som summen av sannsynlegheit og konsekvens
Sannsynlegheit	Vert uttrykt som handlingsfrekvens, altså kor ofte ei hending i snitt vert vurdert til å kunne inntreffe i framtida.
Risikoreduserande tiltak	Førebyggjande tiltak (sannsynlegheitreduserande) eller beredskapstiltak (konsekvensreduserande), eller både, som

¹ Retningslinjer for ROS-analyse i Vlfk ligg i kvalitetssystemet.

² NS:5814:2008 Krav til risikovurderingar

	bidreg til å redusere risiko. Iverksetjing av risikoreducerande tiltak vil endre hendinga sin plassering i risikomatrissa.
Fare	Med fare meiner ein tilhøve som kan medføra til konkrete, stadfesta hendingar. Ei fare er difor ikkje stadfesta og kan representera ei gruppe hendingar med likskapstrekk.
Beredskap	Å vere førebudd til innsats for å møte uventa kritiske situasjonar og dermed handtere og redusera skadeverknader av uønskte hendingar.
Førebyggjande tiltak	Tiltak som reduserer sannsynet for at ei hending skjer.
Konsekvens	Mogleg følgje av ei uønskt hending. Konsekvensar kan uttrykkast med ord eller som ein talverdi for omfanget av skadar på menneske, miljø eller materielle verdiar.
Konsekvensreducerande tiltak (beredskapstiltak)	Tiltak som reduserer omfanget av ei hending når ho har skjedd. Dette kan vere administrative tiltak som beredskapsplanverk, fysiske tiltak (t.d. rassikring) eller kompetansetiltak (kurs, øvingar).
Samfunnsverdi	Materielle og immaterielle verdiar til nytte for fellesskapet, som t.d. infrastruktur, rekreasjon, sysselsetjing, kulturminne og omdøme.
Kritisk samfunnsfunksjon	Dei funksjonane som driftar samfunnet, og som samfunnet er svært avhengig av for å fungere

1.4.1 Forkortingar

Forkorting	Skildring
DSB	Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap
NSM	Nasjonale sikkerheitsmyndigheit
PST	Politiets sikkerheitsteneste
VLFK	Vestland fylkeskommune
AKS2019	Analyse for krisescenario, 2019

2 Metode

ROS-analysen følgjer hovudprinsippa i NS5814:2008 Krav til risikovurderingar.

2.1 Arbeidsprosess³

Arbeidsprosessen med ROS-analyse har vore delt opp i fem trinn:

- **Fareidentifikasjon** - Kartlegge uønskte hendingar som kan inntreffe både innanfor og utanfor kommunen, som kan gje konsekvensar for kommunen.
- **Systematisering** - representativt utval hendingar vert valt, før ein systematiserer innleiande fareidentifikasjon og gjer eit representativt utval av uønskte hendingar basert på fareidentifikasjonen.

³ Vedlegg 1

- **Risiko- og sårbarheitsanalyse** – Gjennomføre analyse av risiko og sårbarheit for dei utvalde representative uønskte hendingane, med bruk av konsekvenskategoriar for liv og helse, ytre miljø og samfunnsverdi.
- **Førebyggjande og skadeavgrensande tiltak** – Skildre relevante førebyggjande og skadeavgrensande tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak.
- **ROS-analyserapport** – Prosessen vart samanfatta i ein ROS-analyserapport

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe, leia av Vestland fylkeskommune sin beredskapsleiar, har delteke i heile arbeidsprosessen. I tillegg har arbeidsgruppa fasilitert større arbeidsmøte om fareidentifikasjon, der relevante nøkkelpersonar frå dei ulike tenestedområda har delteke og gitt innspel til prosessen.

2.1 Kategoriar for sannsynlegheit og konsekvens

Risikovurderinga heng nøye saman med kva verdiar som kan verte påverka av hendinga. DSB tek i AKS2019 i fem grunnleggjande samfunnsverdiar: Liv og helse, natur og kultur, økonomi, samfunnsstabilitet og demokratiske verdiar og styringsevne. Desse verdiane ligg òg til grunn for analyse av risiko og sårbarheit i fylkes-ROS.

Basert på desse grunnleggjande samfunnsverdiane og vurdering av vår verksemd, vil den overordna ROS-analyse for Vestland fylkeskommune vere at konsekvensane av ei hending blir vurdert om omsyn til verdiane **Liv og helse, Tenesteproduksjon, Materielle verdiar** og **Omdømme**.

Med utgangspunkt i Vestland fylkeskommune sin geografiske storleik, art og tenesteproduksjon, har arbeidsgruppa valt følgjande kategoriar for sannsynlegheit og konsekvensar:

Tabell 2. Skala for sannsynlegheit:

Sannsynskategori	Frekvens
Lite sannsynleg	Sjeldnare enn kvart 50. år
Mindre sannsynleg	Kvart 10-50 år
Sannsynleg	Kvart 1-10 år
Særs sannsynleg	Meir enn ein gong kvar år

Tabell 3. Skala for konsekvensar:

Konsekvens kategori	Liv og helse	Teneste-produksjon	Materielle verdier	Omdømme
Små konsekvensar	1-2 skadde/sjuka	Tap av tenesteproduksjon (timar)	Materielle skader 100 000 – 1 000 000 kr.	Noko negativ påverknad på truverd og respekt.
Moderat konsekvens	3-4 skadde/sjuka. Dødsfall 1 person.	Tap av tenesteproduksjon (dagar)	Materielle skader 1000 000 – 10 000 000 kr.	Truverd og respekt svekka.
Stor konsekvens	5-10 skadde/sjuka. Dødsfall 2-5 personar	Tap av tenesteproduksjon (veker)	Materielle skader 10 000 000 – 100 000 000 kr.	Truverd og respekt betydeleg svekka.
Særs stor konsekvens	5-10 skadde/sjuka. Dødsfall 5 personar eller fleire	Tap av tenesteproduksjon (månader)	Materielle skader >100 000 000	Truverd og respekt betydeleg og varig svekka.

2.2 Vurdering av risiko

Risiko i denne analysa er eit produkt av sannsynlegheit x konsekvens, gjort på grunnlag av resultatane i sannsynlegheit- og konsekvensvurderinga. Dette gir eit tal som er uttrykk for risikoen for den ein skilde uønskte hendinga. I dette arbeidet er det brukt ei 4x4 matrise, dette gir risikotal frå 1 til 16 der 1 lågast risiko og 16 høgast risiko.

Uønskte hendingar er plassert i ei risikomatrise med utgangspunkt i sannsynlegheit og konsekvens, der fargane syner ei rangering av risikoen til hendinga. Plasseringar av hendingar i ei risikomatrise krev at fylkeskommunen tek stilling til risikotilhøve, med rangering og prioritering av tiltak i ein eigen oppfølgingsplan.

Tilhøve i raude felt Medfører uakseptabel risiko. Risikoreduserande tiltak skal gjennomførast, alternativt skal meir detaljert ROS-analyse utførast for å vurdere risikonivå meir nøyaktig.*

Tilhøve i gule felt ALARP-sone, dvs. at tiltak skal gjennomførast for å redusere risiko så mykje som mogleg (ALARP = As Low As Reasonably Practicable). Kost-nytte analyse vil ofte leggast til grunn for dei risikoreduserande tiltaka.

Tilhøve i grøne felt I utgangspunktet akseptabel risiko, men risikoreduserande tiltak bør gjennomførast når det er praktisk og økonomisk mogleg.

Risikoreduserande tiltak vil bli vurdert hovudsakleg for hendingar som er plasserte i gul eller raud sone, og med fokus på dei tiltaka som fylkeskommunen sjølv kan iverksette.

*Nokre tiltak kan krevje involvering frå nasjonalt, fylkes- eller kommunalt nivå, eller alle nivå, og er såleis ikkje utelukkande opp til fylkeskommunen å prioritere.

Tabell 4. Risikomatrixe:

		1	2	3	4
		Lite sannsynleg	Mindre sannsynleg	Sannsynleg	Særs sannsynleg
4	Særs store konsekvensar	4	8	12	16
3	Store konsekvensar	3	6	9	12
2	Moderate konsekvensar	2	4	6	8
1	Små konsekvensar	1	2	3	4

2.3 Vurdering av uvisse

Analysen legg til grunn eksisterande dokument og kunnskap. Om føresetnadane endrast, vil analysa ha behov for ei revidering.

Talfesting av usikkerheit kan vere vanskeleg , og det er ingen eksakt vitskap. Det er likevel valt å gjere ei kvalitativ vurdering for å auke bevisstheita i analysegruppa, og betre kvaliteten på risikoanalysa.

3 Uønskete hendingar

Fareidentifikasjonsprosessen var ei grovkartlegging av aktuelle hendingar som kan ramme fylkeskommunen eller fylkeskommunen sine ansvarsområde – kva som kan gå gale. Vidare under systematiseringa har informasjonen frå fareidentifikasjonsmøte vorte brukt for å etablere eit *representativt utval*⁴ av uønskete hendingar som vurderast. Hendingane er sortert i fire topphendingar, som syner fleire typar hendingar som direkte og indirekte vil påverke fylkeskommune si evne til å levere sine tenester. Under kvar hending vert risiko og sårbarheit drøfta.

Tabell 5. Oversikt over topphendingar med tilhøyrande delhendingar

Tilsikta hending	
TH1	Alvorleg valdshending
TH2	Trugsmål
TH3	Kriminelle handlingar, tilsette
TH4	Signifikant tilsikta IKT-hending
Utilsikta hending	
UH1	Signifikant naturhending
UH2	Pandemi
UH3	Spreiing av smitte – alvorleg sjukdom
UH4	Utilsikta IKT-hending
Svikt i tenesteproduksjon	
ST1	Svikt i sakshandsaming
ST2	Bortfall av tenesteleveranse
ST3	Svikt i valgjennomføring
Store hendingar/ ulukker	

⁴ Representativt utval her betyr at hendingane speiler breidda i fylkeskommunen sin tenesteproduksjon og dei sikkerheitsmessige utfordringane Vlfk kan stå ovanfor.

SHU1	Store hendinger/ ulykker på infrastruktur
SHU2	Alvorleg ulykke (tilsett/ elev/ pasient/ passasjer)
SHU3	Brann/ skade på bygg/ bygg som er utilgjengeleg

I tillegg har følgjande hendinger/ scenario vorte identifisert på fareidentifikasjonsmøta, men har gjennom prosessen med vurdering av risiko- og sårbarheit vorte slått saman med andre hendinger, inngår i andre hendinger som årsaker, er ivareteke av andre planverk, eller er vorten vurdert som ikkje relevante for handsaming av fylkeskommunen si kriseleiing.

- Seksuell trakassering
- Tilsett rusa i arbeidstida
- Fråfall av leiargruppe/ nøkkelpersonell (vurdert som inkludert i ST3)
- Psykisk helse hjå tilsette (m.a. sjølv mord)

3.1 Tilsikta handling

Tabell 6. Tilsikta handling, med skildring av hendinger

Tilsikta hending		
TH1	Alvorleg valdshending	Tilsikta bruk av vald eller trugsmål i den hensikt å skade personar eller grupper av personar som kan/vil gje skader med alvorleg omfang. Eit breitt spekter av scenario ligg i denne hendinga, mellom anna skuleskyting og gisselsituasjonar. Pågåande, livstrugande vald (PLIVO) er hendinger der det vert utført livstrugande vald mot fleire personar, og skildrar den felles prosedyre for korleis naudetatane skal opptre og samvirke ved slike hendinger, og er skarpe oppdrag er politiet er væpna. Det er politiet sin operasjonssentral (112) som definerer ei PLIVO-hending.
TH2	Trugsmål	Bombetrugsmål eller andre trugsmål mot individ og/eller grupper av individ.
TH3	Kriminelle handlingar tilsette/folkevalde	Kriminelle handlingar omfattar korrupsjon, underslag mm der tilsett/folkevald som gjer brotet har personleg vinning. Kan omfatte korrupsjon i høve tilsetjing, tjuveri, avtalepriser, bestikking, utlysingar/ kontraktar/ påverknad av politiske vedtak m.m.
TH4	Signifikant tilsikta IKT-hending	Eit designert angrep mot fylkeskommunen som påverkar drift i høg grad, i form av nedetid, brot på personvern, omdømmeskade, tap av data m.m. Eksemplar kan vere DDOS angrep, spearphishing, ransomware eller langvarig avlytting og datatjuveri. Vestland vert jamleg utsett for mindre angrep, som har låg til ingen konsekvens, så ei signifikant, tilsikta IKT-hending inneber nedetid og behov for krisestab.

«TH1 Alvorleg valdshending»

Hendinga *Alvorleg valdshending* rommar eit spekter av hendingar. Det anbefalast at Vlfk gjer detaljerte risikovurderingar for enkelte av scenarioa, som t.d. skuleskyting. Slike vurderingar vil Vlfk ikkje gjere heilt på eigen hand, men det må gjerast basert på nasjonale og regionale trusselvurderingar, og i samråd med Politi og PST.

Det forventast at ekstrem islamisme og høgreekstremisme fortsett å utgjere dei største terrortrugsmåla mot Noreg i 2021, og PST vurderer det som mogleg at personar i desse miljøa vil forsøke å utføre eit terrorangrep i Noreg det kommande året. I PST sin opne trusselvurdering slår fast at auka polarisering vil kunne føre til valdelege samanstøyt òg i 2021, mens det i same trusselvurdering vurderast som lite sannsynleg at myndigheitspersonar vil utsetjast for alvorlege, valdelege hendingar i 2021. Det forventast auka radikaliserings til høgreekstremisme det kommande året, og understrekast at digitale plattformer vil vere ein viktig arena i denne radikaliseringsa.⁵

DSB går i sin rapport «AKS2019» inn på fenomenet skuleskyting. Risikoen vurderast som «låg, men ikkje utenkjeleg», og påpeikar at sannsynlegheitsvurderingsa raskt kan endre seg.

Ei hending som rommar så ulike scenario er vanskeleg å vurdere sannsynlegheit for på ein god måte. Om ein forenkler kan en seie at det er relativt låg sannsynlegheit for hendingar i denne kategorien, men konsekvensane er så alvorlege at det er uforsvarleg å ikkje gjere vurderingar om førebyggjande tiltak. Ikkje minst understrekast det av nasjonale myndigheiter at sannsynlegheitsvurderingsa raskt kan endre seg, som krev at ein er i forkant med førebyggjande tiltak. For liv og helse kan ei hending i denne kategorien få svært store konsekvensar, og både tenesteproduksjon og materielle konsekvensar er kategorisert med store konsekvensar.

«TH2 Trugsmål»

Trugsmål kan vere bombetruklar mot skular, fylkesbygg eller andre bygg i fylkeskommunal regi. Det kan òg vere trugsmål mot elevar/tilsette i skulen, fylkesadministrasjonen eller mot folkevalde. Denne hendinga må sjåast i samanheng med *TH1 Alvorleg valdshending*.

Kartlegginga gjennomført av Ipsos om av hat og trugsmål mot folkevalde politikarar (2019) synte at 4 av 10 har vært utsett for enten hatefulle ytringar eller trugsmål. Dette har negative effektar for både den enkelte politikar og politikarar som gruppe.⁶ Trugsmål mot myndigheitspersonar i Noreg har dei siste åra vore stabil, men det forventast ei viss auke i tal trusselhendingar i 2021 som PST meiner kan skuldast ueinigheit med myndigheitenes handtering av Covid-19, ei forventa auke i tal radikaliserde høgreekstremistar og ei auka eksponering av saker og politikarar i forbindelse med valkampen inn mot stortingsvalet 2021. Dei fleste trugsmåla mot norske myndigheitspersonar kjem frå enkeltpersonar utan ekstremistisk tilhørsle.

⁵ PST bruker andre sannsynlegheitsord enn Vlfk i denne analysa, med ein femdelst skala. Mogleg definerast av PST som mellom 40-60% sannsynlegheit, like sannsynleg som usannsynleg. [Nasjonal trusselvurdering 2021 \(pst.no\)](#)

⁶ [FoU-hets-og-trusler.pdf \(ks.no\)](#)

Trugsmål vert vurdert som en svært sannsynleg hending, men alvorsgrad vil variere. Konsekvensane vert vurdert som moderat for tenesteproduksjon og som små for andre konsekvensar som liv og helse, materielle eller omdøme til fylkeskommunen.

TH3 Kriminelle handlingar tilsette/folkevalde

Kriminelle handlingar omfattar mellom anna korrupsjon, underslag, avtaleprisar, smørjing, bestikkelsar, tjuveri, forfalsking av rekneskap osv. Det kan vere aktuelt i samband med mellom anna tilsetjing, utlysingar, kontraktar, underleverandørar, vennekorrupsjon, påverknad av politiske vedtak mm.

Kriminelle handlingar hjå tilsette/folkevalde er vurdert som ei sannsynleg hending. Med utgangspunkt i allereie etablerte etiske retningslinjer og rutinar for tilsette og folkevalde i Vestland er konsekvensane av kriminelle handlingar vurdert til å vere små og moderate.

TH4 Signifikant, tilsikta IKT-hending

Ei signifikant, tilsikta IKT-hending er eit designert angrep mot fylkeskommunen som påverkar drift i høg grad, i form av nedetid, brot på personvern, omdømmeskade, tap av data m.m. Hendinga tar ikkje stilling til om det er politisk-, profitt- eller sabotasjemotivert. Døme kan vere DDOS angrep, spearphishing, ransomware eller meir langvarig sabotasje og avlytting, liknande SolarWinds-sårbarheiten og Exchange-avlyttinga som stortinget var utsett for. Dette inkluderer også supplychain angrep, som går via leverandørar og tredjepart. Basert på trussel-landskapet på noverande tidspunkt, er dette vurdert som sannsynleg og med høg konsekvens for tenesteproduksjon og noko materiell konsekvens.

Ei mindre, tilsikta IKT-hending er framleis eit designert angrep, men konsekvensen er mykje lågare og sannsynet for at hendinga eskalerer er låg. Sannsynet for at det hender, er derimot høgare. Dette kan vere DDOS-angrep, som VLFK opplever jamleg i mindre grad, mindre tilpassa phishing e-poster og spam. Det er altså angrep som går på alle som har ei kjent sårbarheit eller tilsvarande, der VLFK ikkje er eit hovudmål men stadig vert utsett for forsøk på hindring eller sabotasje.

3.2 Utilsikta hendingar

Tabell 7. Utilsikta hendingar, med skildring

Utilsikta hendingar		
UH1	Signifikant naturhending	Hendinga omfattar alle typar av naturhendingar, men dei hendingane som er antatt å ha dei største konsekvensar er skred, ekstremvêr og flaum.
UH2	Pandemi	Pandemi er eit sjukdomsutbrot som rammer mange menneske, og spreier seg over heile verda, synonymt med omfattande epidemi.
UH3	Spreiing av smitte – alvorleg sjukdom	T.d. utbrot av smittsam hjernehinnebetennelse ved vidaregåande skule, multiresistente bakteriar eller anna ved tannklinikk

UH4	Utilsikta IKT-hending	Tap av nettverk eller straum, konfigurasjonsfeil eller mindre systemfeil.
------------	-----------------------	---

UH1 Signifikant naturhending

Hendinga omfattar alle typar av naturhendingar, men dei hendingane som er antatt å ha dei største konsekvensane er skred, ekstremvêr og flaum. Desse hendingane kan potensielt få store konsekvensar for liv og helse, materielle verdiar og fylkeskommunen sin moglegheit til å levere tenester.

Naturhendingar med eit slikt omfang vurderast som sannsynleg, og kan få stor konsekvens for liv og helse, og store materielle konsekvensar og moderat konsekvens for tenesteproduksjon. Fylkes-ROS for Vestland er under utarbeiding, og Statsforvaltaren skildrar relevante naturhendingar for vårt fylke i kommande og tidlegare fylkes-ROS.

UH2 Pandemi

Historia syner at influensapandemiar dukkar opp med jamne mellomrom, og i dagens globaliserte verd har virus moglegheit til å spreia både raske og uoversiktleg. Heile samfunnet kan bli ramma, og viktige samfunnsfunksjonar stoppe opp. I forkant av Covid19-utbrotet, var pandemi rekna som ein av dei mest sannsynlege krisescenarioa som kunne inntreffe frå DSB si side.⁷ Alvorsgrad vil variere.

Ein pandemi kan føre til at ein stor del av befolkninga blir sjuk samstundes, og ein enda større del borte frå arbeidsplassen, konsekvensane for liv og helse, og tenesteproduksjon vert vurdert som stor. Ein pandemi med globalt omfang er av nasjonale myndigheiter vurdert å inntreffe mellom kvart 10.-50. år, men på grunn av moderne reisemønster i dagens samfunn er ein pandemi med slikt omfang venta å kunne inntreffe oftare i framtida. Det er forventa at det kjem nasjonale føringar med krav om førebuing/ pandemiplan, som òg vil gjelde for Vlfk.

UH3 Spreiing av smitte – alvorleg sjukdom

Under hendinga spreiiing av smitte med alvorleg sjukdom ligg mellom anna scenario med spreiiing av multiresistente bakteriar (tannhelse) og smittsam hjernehinnebetennelse (menigokokksjukdom).

Antibiotikaresistens⁸ skildrast som ei aukande utfordring, og dei viktigaste overordna tiltaka for å motverke resistensutvikling er å førebygge infeksjonar og avgrense antibiotikabruk. Sjølv om vi i Noreg så langt har klart å kontrollere førekomst av antibiotikaresistens, vil smittepresset etter kvart auke.⁹

⁷ [AKS 2019—side 66 \(dsbinfo.no\)](#)

⁸ Antibiotikaresistens betyr at bakteriar kan leve vidare og formere seg sjølv om dei utsetjast for antibiotika.

⁹ [Om antibiotikaresistens - FHI](#) og [Antibiotikaresistens - hels norge.no](#)

Årleg får mellom 20 og 40 personar i Noreg smittsam hjernehinnebetennelse, og sjukdommen kan vere dødeleg eller føre til alvorlege seinverknadar.¹⁰ Dei siste ti åra har smittsam hjernehinnebetennelse ramma 5-15 ungdommar årleg, fleire tilhøve assosiert med russefeiring. Ungdom anbefalast vaksine berre om dei er ekstra utsette for å få smitte.

Det vurderast som ei sannsynleg hending med smitteutbrot, med moderate konsekvensar for liv og helse, og omdøme.

UH4 Utilsikta IKT-hending

Ei utilsikta IKT hending vil vere i form av tap av straum eller nettverk, konfigurasjonsfeil i kjernesystem, men og som følge av menneskelege feil blant både IKT-tilsette og vanlege tilsette som gjer ein feil i f.eks. fagsystem eller liknande. Avviket tidlegare i år, med elev som sendte ut møteinvitasjonar m. sjikanerande emne til 500 tilsette var ei følgje av ei utilsikta IKT-hending. Feil hos leverandørar som påverkar drift i VLFK vil også falle inn under her. Dette er vurdert som sannsynleg, men med middels konsekvens på tenesteproduksjon og omdømme.

3.3 Svikt i tenesteproduksjon

Tabell 8. Svikt i tenesteproduksjon med hendingar

Svikt i tenesteproduksjon		
ST1	Svikt i sakshandsaming	Alvorleg svikt i sakshandsaming. Hendinga omfattar òg feil i handtering/ oppfølging av kontraktar, enkeltvedtak og habilitetssaker.
ST2	Bortfall av tenesteleveranse	Bortfall av tenesteleveranse frå skule, tannhelse, kollektivtransport og vegdrift. Årsak kan vere t.d. fråfall av leiargruppe/ nøkkelpersonell, arbeidskonflikt, akutt bortfall av tilsette (t.d. streik) osv.
ST3	Svikt i valgjennomføring	Annakvart år har fylkeskommunen ansvar for valgjennomføring til fylkes- og stortingsval. Ein kan i hovudsak dele oppgåvene inn i tre hovudoppgåver, godkjenning av listeforslag, røystesetlar – bestilling og distribusjon til kommunane, og kontrollteljing og møtebok.

ST1 Svikt i sakshandsaming

Manglande rutinar, system, ansvar og rollefordeling med meir kan medføre at det skjer feil i samband med sakshandsaming slik at saker ikkje får riktig utfall.

Habilitetssaker kan oppstå når personar har eigeninteresser og/eller nære personlege forbindelsar med nokon som har interesse i saka. Det er viktig for truverdet til Vestland fylkeskommune at habilitet er til stades ved handsaming av saker.

¹⁰ <https://www.fhi.no/prosjekter/nuss-studien-prosjektbeskrivelse/>

Ekstra sårbarheit dei første åra i ny organisasjon gjer at det er vurdert til å vere sannsynleg at det vil bli svikt i sakshandsaminga i Vestland fylkeskommune. Konsekvensen av feil i sakshandsaming er vurdert til å vere små på liv og helse og materielle verdiar. Risiko for tap av tenesteproduksjon er vurdert til å vere sær store, medan konsekvens på omdømme er sett til store.

ST2 Bortfall av tenesteleveranse

Hendingar som omfattar forhold som medfører bortfall av tenesteleveranse må detaljvurderast på avdelingsnivå. For opplæringssektoren kan dette omfatte forhold som medfører at undervisning ikkje blir gitt eller eksamen ikkje kan gjennomførast. Dette kan relaterast både til tap av bygningsmasse, bortfall av tilsette (t.d. ulukke som rammer fleire tilsette, ref. hending SHU2). Streik er eit anna scenario her, Statistisk sentralbyrå viser til at det historisk sett blir tatt ut til streik kvart anna år.

Det er vurdert som mindre sannsynleg med hendingar som får omfattande konsekvensar for heile organisasjonen, men det bør gjerast vurderingar på avdelingsnivå.

Fråfall av leiargruppe eller nøkkelpersonell kan få store konsekvensar for tenesteproduksjon som gjer at Vlfk ikkje klarer å levere dei tenestene dei skal levere, og moderate konsekvensar for omdømme.

ST3 Svikt i valgjennomføring

Fylkesvalstyret, og dermed fylkeskommunen, sitt ansvar i samband med fylkestings- og stortingsvala omfattar alt arbeid med val til fylkesting og storting. Ei korrekt og sikker valgjennomføring med tillit i befolkninga er ei viktig periodisk oppgåve for fylkeskommunen, saman med Valdirektoratet og kommunane.

Valgjennomføringa er særskild sårbar ettersom det er ei periodisk oppgåve med to års mellomrom, samstundes som det er ei tidkrevjande oppgåve for enkeltpersonell i valår.

Det er vurdert som sannsynleg at det kan førekomme svikt i valgjennomføringa, og det er særskild sårbart i etterkant av ein omstillingsprosess. Det kjem òg endringar i vallova som vil krevje at Vlfk har ekstra merksemd på ei god valgjennomføring. Konsekvensane for tenesteproduksjon og omdømme er vurdert som store.

3.4 Store hendingar/ ulukker

Tabell 9. Store hendingar/ ulukker

Store hendingar/ ulukker		
SHU1	Store hendingar/ ulukker på infrastruktur	Omfattar bortfall av vegstrekning eller anna infrastruktur knytt til veg, som gjer at infrastrukturen ikkje kan nyttast over ein lengre tidsperiode. Dette kan t.d. vere veg som rasar ut, tunnelbrann, brukollaps.
SHU2	Alvorleg ulukke (tilsett/ elev/ pasient/ passasjer)	Ulukker kan hende på arbeidsplassen, på tenestereiser, skuleturar i inn- og utland, ifm skuleskyss osv. Omfattar eit vidt spekter av ulukker, som kan ramme tilsette,

		brukarar av fylkeskommunale tenester (pasientar, besøkjande o.s.b.), elevar eller passasjerar på kollektivtransport.
SHU3	Brann/ skade på bygg/ bygg som er utilgjengeleg	Omfattar skader på fylkeskommunale bygg, som vil medføre at heile eller deler av bygget er utilgjengeleg for bruk. Brann i fylkeskommunale bygg vil vere ei slik hending. Bortfall av bygningsinfrastruktur

SHU1 Store hendingar/ulukker på infrastruktur

I dei siste 10 åra (2010-2019) har 52 personar vorte drepne på fylkesvegane i Vestland. Dei siste åra har det vore 3-4 personar per år, og langt fleire vert hard skadde, og det arbeidast systematisk og målretta inn mot å redusere dette talet. Hendinga som er vurdert i denne ROS-analysen kan ha mange ulike årsaker, m.a. naturhendingar og trafikkulukker, andre ulukker, tilsikta hendingar (terror) og manglande vedlikehald, men resultatet er at delar av infrastrukturen ikkje er tilgjengeleg over ein lengre tidsperiode.

Hendinga er vurdert å ha lågt sannsyn, men det er ikkje utenkeleg at dette kan skje.

Konsekvensane for liv og helse er vurdert til å vere stor, avhengig av mengd trafikk når den akutte hendinga skjer. Konsekvensane for materielle verdiar er òg sett til å vere stor. Om ei vegstrekning, ein tunnel eller ei bru må gjenoppbyggjast vil dette gi høge kostnader. Hendinga er vurdert å ha sær store konsekvensar for tenesteproduksjon, som i denne samanhengen tyder at fylkeskommunen ikkje kan levere det transporttilbodet som t.d. den vegstrekninga, brua eller tunnelen representerer i perioden det er utilgjengeleg, og infrastrukturen kan vere utilgjengeleg i månader.

SHU2 Alvorleg ulukke (tilsett/ elev/ pasient/ passasjer) omfattar hendingar/ ulukker som rammer eigne tilsette i teneste, eller våre brukarar – frå elevane på skulane våre, til pasientar på tannklinikkane, til passasjerar på vår kollektivtransport.

Alvorleg ulukke er ei relativt generell hending som krev at avdelingane sjølv gjer detaljerte vurderingar for å ha oversikt over moglege scenarior, og for å kunne setja inn målretta tiltak. Fylkeskommunen si evne til å handtere ulukker vil i stor grad avhenge av krisehandteringa ved den enkelte avdeling, og det samla krisehandteringsapparatet.

Alvorleg ulukke vurderast som ei sannsynleg hending, med stor variasjon av scenarior.

SHU3 Brann/ skade på bygg/ bygg som er utilgjengeleg omfattar ei hending/ ein brann der bygningsmasse får omfattande skader. Vlfk har ansvar for store bygningsmassar med tilhøyrande drift- og vedlikehaldsarbeid.

Ei hending med så stort omfang at bygget er utilgjengeleg er vurdert som mindre sannsynleg. Skadeomfang vil variere. Konsekvensane kan vere moderate for tenesteproduksjon, Pandemisituasjonen med heimekontor over lengre tid har synt oss at organisasjonen har stor fleksibilitet og kan levere tenester òg under krevjande og meir uføreseielege forhold. Dei materielle konsekvensane og kostnadane kan bli store.

4.0 Risikomatriser

Tabell 10. Risikomatrixe *Liv og helse*

		1	2	3	4
		Lite sannsynleg	Mindre sannsynleg	Sannsynleg	Særs sannsynleg
4	Særs store konsekvensar		TH1		
3	Store konsekvensar		UH2, SHU1	UH1, SHU2	
2	Moderate konsekvensar		SHU3	UH3	
1	Små konsekvensar		ST2	TH3, TH4, UH4, ST1, ST3	TH2

Tabell 11. Risikomatrixe *Materielle verdier*

		1	2	3	4
		Lite sannsynleg	Mindre sannsynleg	Sannsynleg	Særs sannsynleg
4	Særs store konsekvensar				
3	Store konsekvensar		TH1, SHU1, SHU3	UH1,	
2	Moderate konsekvensar		UH2,	TH3, TH4, UH4,	
1	Små konsekvensar		ST2	UH3, , ST1, ST3, SHU2	TH2

Tabell 12. Risikomatrixe *Tenesteproduksjon*

		1	2	3	4
		Lite sannsynleg	Mindre sannsynleg	Sannsynleg	Særs sannsynleg
4	Særs store konsekvensar		SHU1	ST1	
3	Store konsekvensar		TH1, UH2, ST2,	TH4, ST3	
2	Moderate konsekvensar		SHU3	UH1, UH4	TH2
1	Små konsekvensar			TH3, UH3, SHU2	

Tabell 13. Risikomatrixe *Omdømme*

		1	2	3	4
		Lite sannsynleg	Mindre sannsynleg	Sannsynleg	Særs sannsynleg
4	Særs store konsekvensar				
3	Store konsekvensar			ST1, ST3	
2	Moderate konsekvensar		TH1, ST2, SHU3	TH3, UH3, UH4, SHU2	
1	Små konsekvensar		UH2, SHU1	TH4, UH1	TH2

5. Risikoreduserande tiltak

Med utgangspunkt i avdekt, uakseptabel risiko, er det foreslått risikoreduserande tiltak for kvar einskild hending.

Tabell 14. Tiltak

ID	Hending	Risikoreduserande tiltak
Tilsikta hending		
TH1	Alvorleg valdshending	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hindre utanforskap og mobbing • Handlingsplan mot førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planverk, rutinar • Øving med relevante aktørar • Varslingssystem på skulane • Varsling pr. lokasjon
TH2	Trugsmål	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigen kontaktperson i fylkeskommunen (juridisk rådgjevar, ihht KS sin fou-rapport¹¹) • Workshops for folkevalde (og tilsette)¹² • Dialogmøte mellom politi og folkevalde <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rutinar for handtering av trugsmål mot tilsette OG folkevalde <p>Førebygging/ handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Varsling pr. lokasjon

¹¹ [Rad-Hat-og-trusler.pdf \(ks.no\)](#)

¹² Ibid

		<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide handbok om førebygging og handtering av (hets og) trugsmål¹³
TH3	Kriminelle handlingar tilsette/folkevalde	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre ei overordna risikovurdering av dei ulike anskaffingsområda, og etablere overordna felles strategi for anskaffingar/innkjøp. • Nødvendig opplæring og bevisstgjerung av tilsette og folkevalde på områda etiske retningslinjer, habilitet og utilbørleg påverknad <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle retningslinjer for varslung av kritikkverdige forhold
TH4	Signifikant tilsikta IKT-hending	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styringssystem for informasjonssikkerheit • Opplæring for tilsette i IKT-sikkerheit og personvern, tilpassa ulike nivå og stillingar • Oppbygging av sikkerheitskultur i Vestland • Forankring av informasjonssikkerheit og personvern i toppleiinga • Budsjett og ressursar for IKT-sikkerheit og personvern • Dokumenterte rutinar internt i IKT-avdelinga, inklusiv endringsstyring • Sårbarheitsmonitorering og sikkerheitstesting • Systemoversikt og systemforvaltning • Oppdaterings- og patcheregime • Effektiv bruk av to-faktor autentisering • IKT-beredskapstesting og kontinuitetsplanlegging • Tekniske foranstaltningar som anti-virus, brannmur, nettverkssegregering, e-postvask, separert backup m.m. • IKT-reglement for tilsette og elevlar • Jamleg revisjon av tilgangar, sikkerheitsinnstillingar på tilsett-PC'ar, rutinar, m.m. • Stenging av gammal infrastruktur og tenester • Robust, redundant infrastruktur

¹³ Ibid

		<p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Verdivurdering frå toppleinga • IKT-kriseleing • Beredskapsplanar • Samarbeide med kommunikasjon og personvernombod • Avtaleverk med tredjepart i tilfelle behov for ekstern hjelp
Utsikta hending		
UH1	Signifikant naturhending	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sikkerheitsstyring • Kartlegging av naturfarar og sårbarheit • Klimatilpassing i planarbeid, og av infrastruktur <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planar/rutinar for varsling og handtering
UH2	Pandemi	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide pandemiplan for Vestland fylkeskommune - Kartlegging av nøkkelpersonell - Øving av samvirke med relevante aktørar <p>Førebygging/ handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kontinuitetsplanar – for drift med redusert bemanning
UH3	Spreiing av smitte – alvorleg sjukdom	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - For aktuelle einingar (tannhelse og skular), kartlegging med eigen ROS-analyse <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rutinar for å handtere lokale smitteutbrot
UH4	Utsikta IKT-hending	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styringssystem for informasjonssikkerheit • Dokumenterte rutinar innad i IKT-avdelinga, inklusiv endringsstyring • Systemoversikt og systemforvaltning • Intern kompetanse og ressurser • Standardisering <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Verdivurdering frå toppleinga • IKT-kriseleing • Beredskapsplanar

		<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide med kommunikasjon og personvernombod
Svikt i tenesteproduksjon		
ST1	Svikt i sakshandsaming	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablering og oppfølging av felles rutinar • Samhandling på tvers, kulturbygging • Nødvendig opplæring og bevisstgjerung av tilsette og folkevalde på områda etiske retningslinjer, habilitet og utilbørleg påverknad • Opplæring/ trening av nytilsette i relevante rutinar og retningslinjer
ST2	Bortfall av tenesteleveranse	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføring av ROS-analyser for vurdering av kompetanseflukt (Spesielt i høve omstillingsprosess) <p>Førebygging/ handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kontinuitetsplanlegging for å oppretthalde tenesteproduksjon, særskild på leiarar og nøkkelpersonell
ST4	Svikt i valg gjennomføring	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Plan for erfaringsoverføring- og ivaretaking <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigen sikkerheitsrutine for valg gjennomføring, ihht Valdirektoratet sine krav • Kontinuitetsplanlegging for valg gjennomføring
Store hendingar/ ulukker		
SHU1	Store hendingar/ ulukke på infrastruktur	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • God dialog med naudetatane, krev samvirke og samarbeid på førehand • Samverkeøvingar • Systematisk tryggingarbeid og vedlikehaldsrutinar <p>Handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Krisekommunikasjonsplan for å syte for god mediehandsaming og informasjon til råka.
SHU2	Alvorleg ulukke (tilsett/ elev/ pasient/ passasjer)	<p>Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjer for tenestereiser

		<ul style="list-style-type: none"> • Overordna retningslinjer for utarbeiding av ROS-analyser, til bruk <p>Handtering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Beredskapsplanar med tiltakskort, basert på overordna retningslinjer
SHU3	Brann/ skade på bygg/ bygg som er utilgjengelig	<p>Førebygging/ handtering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brannvernberedskap • Kontinuitetsplanlegging for omlegging av drift

6. Vurderingar

Vestland fylkeskommune har ansvar for å ta i vare tryggleik, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdømme knytt til fylkeskommunen sin aktivitet. Sikkerhetsomgrepet dekker i stor grad dei tiltak som skal setjast i verk for å førebygge, hindre eller handtere alvorlege uønskta eller utilsikta handlingar. Vestland fylkeskommune skal til kvar tid ha et godt og robust sikkerheits- og beredskapssystem som bygger på hensiktsmessige og relevante risikovurderingar.

Vestland fylkeskommune si evne til å handtere hendingar avhenger både av krisehandteringa ved den enkelte avdeling og det samla krisehandteringsapparatet. Godt samarbeid og strukturar på tvers av avdelingane er viktig for at det skal vere heilskap i beredskapen. Ei overordna og heilskapleg ROS-analyse er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet med sikkerheit og beredskap, og gir oss ei naudsynt oversikt over kva hendingar som kan inntreffe, og kva vurderingar vi må ta i det vidare sikkerheitsarbeidet.

Fylkeskommunen treng eit felles, overordna beredskapssystem for handtering av hendingar. Systemet må vere heilskapleg og være koordinert med andre sikkerheits- og beredskapsaktørar for enkel kommunikasjon og rapportering i kriser.

Beredskap er eitt tverrsektorielt ansvar, og fleire avdelingar i fylkeskommunen har behov for eigne beredskapsplanar på operativt nivå¹⁴. Beredskapsansvarleg personell på avdelingane er viktig for å sikre samarbeid på tvers av organisasjonen, og det lyt gjerast ei kartlegging av naudsynt omfang og kompetanse. Intern informasjonsflyt og gode rutinar er ein vesentleg del av krise- og beredskapsarbeidet.

Fokus på samordning og samarbeid med relevante etatar/ kommunar og verksemder vil vere avgjerande for Vestland fylkeskommune si evne til å handtere hendingar på ein god måte. For å oppretthalde god sikkerheit i samfunnet mot eit breitt spekter av utfordringar, er det naudsynt med bevisst innsats frå ulike myndigheiter og verksemder. Ansvars-, likskaps-, nærleiks-, og samvirkeprinsippa er dei fire grunnleggande prinsippa som er førande for alt arbeid innanfor samfunnssikkerheit.¹⁵ Samvirke er eit av hovudprinsippa i alt beredskapsarbeid, og det understrekast at kvar organisasjon har eit sjølvstendig ansvar for å

¹⁴ Vedlegg 2

¹⁵ Stortingsmelding 5 (2020-2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*

sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Systematisk gjennomføring av beredskapsøvingar, med både eksterne samarbeidspartnarar som politi, statsforvaltar, kommunar med fleire, og på tvers av avdelingar, er eit viktig tiltak for at fylkeskommunen skal vere godt førebudd for å handtere hendingar og ulukker. Øving er òg ein viktig del av sikkerheitsstyringa, og eit krav i lovverket (sikkerheitslova).

Felles for mange av hendingane som er vurdert, er at konsekvensen på fylkeskommunen sitt omdømme vil avhenge av årsaka til hendinga, og ikkje minst på kor godt fylkeskommunen handtere hendinga. Ein krisekommunikasjonsplan er ein naudsynt del av den totale beredskapsplanelegginga for Vlfk, som syner kva ressursar som står til rådvelde for kriseleiinga, som materiell og personressursar, og skal sikre korrekt og rask kommunikasjon og informasjon til og mellom målgruppene.

Fylkeskommunen si evne til å utføre sine oppgåver, og finne attende til ein normaltilstand etter ei krisehending er avhengig av fleire forhold. Kompetanseoversikt, kontinuitetsplanar og opplæring av tilsette er viktige tiltak for heile organisasjonen. Nokre hendingar har som nemnt vore trekt fram som sannsynlege scenario i fleire fareidentifikasjonsmøte, utan at hendingane vurderast som aktuelle i den heilskaplege ROS-analyse. Scenario rundt seksuell trakassering og overgrep, og tilsette som er rusa i arbeidstida er alvorlege hendingar som fylkeskommunen må ha gode rutinar og retningslinjer for å handtere. Ikkje minst trengs det førebyggjande arbeid og god opplæring av tilsette, og spesielt leiarar, for å setje desse samfunnsproblema på dagsorden i vår organisasjon.

Det må sikrast at rutinar vert etablert, vedlikehalde og følgde i heile organisasjonen. Dette kan gjerast gjennom meir aktiv introduksjon til Vlfk sine rutinar. Introduksjonsdag, opplæring av nytilsette, fokus på tematikken i organisasjonen i dagleg drift er døme på konkrete tiltak for å få dette til.

Funna i denne ROS-analyse må følgast opp og det må utarbeidast ein prioritert oppfølgingsplan med detaljert ansvarsfordeling i løpet av hausten 2021, i samråd med avdelingane. Ein god del av tiltaka er regelverk, rutinar og måtar å jobbe på som Vestland fylkeskommune allereie har etablert, andre tiltak må fullførast, forbetrast og/ eller setjast i verk.


Vedlegg 1 - Arbeidsprosess, detaljar

Arbeidet har vore leia av **Kristin Rundsvveen Bøtun** (beredskapsleiar), med følgande deltakarar i arbeidsgruppa: **Edvard Målsnes** (IKT-sikkerheitsrådgjevar), **Inge Edvardsen** (INV, fungerande beredskapskoordinator), **Øystein Hunvik** (MOK, beredskapskontakt) og **Trond Alv Eikeland** (OPK, beredskapskontakt). Påtroppande beredskapskoordinator **Sondre Bjelle** deltok i nokre av møta med arbeidsgruppa i juni.

Arbeidsprosessen med overordna ROS-analyse for Vlfk er grovt sett delt inn i seks trinn som hadde følgande tidsplan:

- **Metodiske val og førebuing** – Oppstart arbeidsgruppe, fastsetjing av skala på sannsynlegheit/ konsekvens og verdiar.
- **Fareidentifikasjon** - Kartlegge uønskete hendingar som kan inntreffe både innanfor og utanfor kommunen, som kan gje konsekvensar for fylkeskommunen. (**medio april**)
- **Systematisering** - representativt utval hendingar vert valt – Systematisera innleiande fareidentifikasjon og gjera eit representativt utval av uønskete hendingar basert på fareidentifikasjonen. (**medio april**)
- **Risiko- og sårbarheitsanalyse** – Gjennomføra analyse av risiko og sårbarheit for dei utvalde representative uønskete hendingane, med bruk av konsekvenskategoriar for liv og helse, ytre miljø og samfunnsverdi. (**medio mai**)
- **Førebyggjande og skadeavgrensande tiltak** – Skildra relevante førebyggjande og skadeavgrensande tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak. (**medio mai**)
- **ROS-analyserapport** – Prosessen vart samanfatta i ein ROS-analyserapport. (**medio juni, leverast FRM i veke 26**)

Arbeidsgruppa starta arbeidet 11.mars, og har hatt møter jamleg mellom veke 10 og veke 26.



Det er gjennomført fareidentifikasjonsmøter for å få brei forankring og innsikt frå alle delar av organisasjonen. Pga. Covid-19 har tilsette stort sett vore på heimekontor, og alle møta har vore gjennomført digitalt. Fareidentifikasjonsmøta blei delt opp i tre møte på datoane 21. og 23. april. Arbeidsgruppa deltok på alle møta.

Tabell 15. Deltakarar på fareidentifikasjonsmøte

Namn:	Funksjon/ SUD:
Kristin Rundsveen Bøtun	Beredskapsleiar/ SUD
Edvard Målsnes	IKT-sikkerheitsrådgjevar/ SUD
Inge Edvardsen	Fungerande beredskapskoordinator/ INV
Øystein Hunvik	Seniorrådgjevar/ MOK
Trond Alv Eikeland	Seniorrektor/ OPK stab
Marianne Karin Hufthammer	Seksjonsleiar, Bybanen utbygging
Marta Maria Marcos Sousa Nunes	Overingeniør, INV
Heidi Lie Ravnstad	Kommunikasjonsrådgjevar, INV
Jorunn Hillestad Sekse	Leiar vedlikehald Nord, INV
Stein Olav Njøs	Leiar geo og skred, INV
Skyss (ikkje møtt)	
Ingvill Nordås Hildal	Rådgjevar OPK stab
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar OPK stab
Berit Roksvåg	Seniorrådgjevar OPK stab
Hilde Joranger Mæland	Kommunikasjonssjef
Siri Espedal Vold	Seniorrådgjevar, tannhelsetenesta
Svein Erik Såtendal	Seniorrådgjevar, HR/ HMS
Christina Jenny Brautaset	Seniorrådgjevar ORO, Bygg og eigedom

Vedlegg 2 – **Skildring av nivå på leiing**

- **Taktisk leiing/ ytre einingar:**

Leiging av individ i innsats under ein beredskapssituasjon for å forhindre eller avgrense skader på menneske, ytre miljø, økonomiske verdiar eller omdømme gjennom utføring av konkrete oppgåver.

- **Operasjonell leiing/ avdelingsnivå:**


Leiging, koordinering og støtte av taktiske einingars innsats under en beredskapssituasjon for å sikre at denne er effektiv, koordinert og i samsvar med verksemda sine strategiske føringar.

- **Strategisk leiing/ overordna nivå:**

Overordna leiing av beredskapsorganisasjonen under en beredskapssituasjon for å forhindre eller avgrense de negative konsekvensane beredskapssituasjonen kan få på verksemda sin økonomiske eller samfunnsmessige verdi, omdømme og vidare drift.

- **Politisk leiing:**

Ivaretaking av kommunale, regionale, nasjonale eller internasjonale fellesinteresser under en beredskapssituasjon.



vestlandfylke.no